

Nr 2-2023, årgang 59

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

SOMMARBLADET



Dugnad i Nissedal

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Ein dag treffer me Reidun Lauvdal på ein triveleg uteplass med mild maivind over angande blomar. Reidun fortel at ho voks opp på garden Vogsdalen i Vegusdal i lag med foreldre og tre sysken. På garden, som ligg litt einbølt til, var dei med og hjelpte til i onner og arbeid frå dei var små. Omkring garden baud skog og mark på bærplukking og turar til fots og på ski. Reidun og syskena drog ut på barnemøte, og ei skikkeleg etappe blei det når dei skulle vere med i aktivitetar i idrettslaget Gry.



– **Me er fleire som har høyrte gjete at du hevda deg godt i langrenn?**

– Ja, det var eit veldig godt miljø og ivrig skitrening i Gry. Og det var inspirerende at me hadde langrennsløparar som gjorde at laget i nokre år var på pallen i NM i stafett. Å ja, det var moro å trene og vere med i langrenn, få kjenne at kroppen kom i form og spela på lag. Når du fyrst nemner det, er det eit godt minne å ha premie frå eitt år eg blei kretsmeister i langrenn.

– **Og så bar det ut på skular og arbeid?**

– Ja, eg gjekk på realskulen i Åmli, så då fekk eg au prøve meg på hybel. Deretter utdanna eg meg til husmorvikar på Møglestu i Lillesand og Strømsbu i Arendal. I tida i Åmli hadde Reidun treft sin kjære Leif, og slik fekk Nissedal òg ein ny husmorvikar. I Treungen blei det hus og heim og fire born, som etter kvart har fått eigne heimar og nye skot på stamma. Reidun heldt fram som husmorvikar ei tid, naturleg nok med fødselspermisjonar og litt variasjon på stillingane, før det blei 35 år som landpostbod.

– **Så gjekk vegen til klokkarstillinga i Treungen kyrkje?**

– Ja, eg har lika meg i miljøet og livet både på bedehuset og i kyrkja. Eg har vore med på aktivitetar og i styret i bedehuset, og eg synest det er fint at livet på bedehuset og i kyrkja kan utfylle kvarandre. Eg ser med glede tilbake på rike og interessante år som klokkar.

– **Før du snart får velfortent takk for heile 17 år som klokkar, har du òg funne fram ein song som du set pris på?**

– Ja, det er ein song som eg er glad i og som har fylgt meg frå unge år. Eg synest han famnar så vidt og fortel så fint om at me skal få kvile i ein enkel tillit og ei trygg tru. TV

Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera, Norsk salmebok, nr. 323

Kor stort min Gud at eg ditt barn får vera og leva i din frie nådepakt.

./: Det alt er ferdig eg skal inkje gjera, men berre kvila i det det du har sagt. ./:

Eg ber deg: Lei du meg igjennom verda, eg er så veik og er i framandt land.

./: Det mange var som gjekk seg vill på ferda, og sleppte taket i di frelsarhand.
./:


Men visst eg veit du maktar fast meg halda, det har du lova i ditt eige ord.

./: Du visste alt om meg før du meg kalla, og gav meg plass ved nådens rike bord. ./:

Lat meg få sjå på deg når synda dårar, lat meg som barn ditt Faderauga sjå.

./: Då veit eg visst at gjennom tvil og fårar, eg ved din nåde skal til himlen nå. ./:

Tekst: Jesper Krogedal, 1946.



ANDAKT

Er Norge eit kristent land?

Når vi nok ein gong har feira 17.mai, er det eit krossmerka flagg som heng rundt ikring i landet vårt. Og vi syng enno: «Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud! Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut.»

Men samstundes så ser vi at vi er eit fleirkulturelt og fleirreligiøst samfunn i dag. Toleranse og den individuelle rett til sjølv å få velja ligg no i botn for all tenking.

Har det noka meining å snakke om Norge som eit kristent land?

Det handlar om historie og om våre åndelege røter, anten vi liker det eller ikkje. For på 17.mai feirar vi at vi fekk vår grunnlov i 1814. Den bygger på den kristne trua, men og på ideala til den franske revolusjonen, som fridom, likskap og sameining.

Men går vi til den fyrste lova som Norge er grunna på, så er det Kristenretten frå Moster i 1024. Til neste år skal vi feire 1000- årsjubileum for denne lova.

Det var Olav den heilage som fekk den lova skrive ned for oss. Ho byggjer på ein grunntanke om at Gud, som skapar har lagt ein rett inn i skaparverket som gjeld alle menneske.

Det lova førte for det første til at samfunnet tok ansvar for dei svakaste. Det var ikkje lov lenger å sette born ut i skogen for å døy.

For det andre gav Kristenretten det einskilde menneske sitt sjølvstende. Det var ikkje lenger berre ætta som hadde rett og makt, og kunne styre med hard hand.

Før var det makta som rådde, no fekk individet sin plass og sin rett. Herren hadde ikkje lenger så stor ei makt over trælen. Mannen hadde ikkje lenger all makt over kvinna. Dei rikes makt over dei fattige blei redusert. Og hemnretten blei avskaffa, eller i alle fall redusera.

Men Grunnlova frå 1814 var ikkje så inkluderande som vi ofte tenker. Jødeparagrafen og forbodet mot Jesuittane og andre katolske ordenar er ein skamplott som heng ved 1814. Jødar og katolikkar kunne ikkje kome til Norge og busette seg her.

«Jesuitter og Munkeordener maa ikke taales. Jøder ere fremdeles udelukkede fra andgang til Riget.» Grunnlovens §2.

Henrik Wergeland kjempa mot dette i mange år. Og først to år etter sin død, blei jødeparagrafen oppheva, i 1851. Forbod mot katolske Jesuittar først blei oppheva i 1956. Mens forbodet mot munkeordenar blei oppheva i 1897.

Kan vi i våre dagar på ein god måte halde fast både med den kristne kulturarven vår, og eit livssynsopent samfunn som inkluderer alle? Det er vår tids store utfordring.

I årsmeldinga for Nissedal kyrkjelege fellesråd står det: Kyrkja ynskjer å bidra til å skape gode lokalsamfunn, prega av nærleik, varme, omsut og engasjement.

Knut Bjørn Skyttemyr

Sokneprest



Dugnad på kyrkjegardane 2023.

Vi takkar for alle som var med og deltok på dugnadane vi hadde på dei ulike kyrkjegardane



ME STAKK INNOM

Me stakk innom Knut Bjørn Skyttemyr – jordnær prest under vid himmel

Ein dag i slutten av mai har *Kyrkjelydsbladet* avtala eit møte med soknepresten vår, Knut Bjørn Skyttemyr. Frukttre og blomar syner seg fram i finaste flor medan me har ei lita samtale om tida i Nissedal og



minne frå ulike stader. Det var i 2012 at han og kona hans, Anne Lise, svinga inn på det gamle tunet på Nissedal prestegard med det dei hadde av jordisk gods. Som nygifte hadde Knut Bjørn og Anne Lise lagt ut på kanotur frå Tingstodden med Froland som mål. Lite visste dei då at det mange år seinare skulle bli rikeleg med stunder til å feste blikket på Nisser i skiftande fargar eller fare ut på turar i heiar og fjell på ski og til fots, og gjerne med bærspann og fiskestong.

Gode minne frå oppvekstår og folkeliv i Froland

Knut Bjørn, ja, dei fleste er på førenamn med soknepresten vår, har gode minne frå oppvekståra i Froland. Saman med foreldre, ei syster og ein bror, voks han opp i eit triveleg bygdemiljø med ulike impulsar. Mellom skyttarhus og kyrkje, bedehus og ungdomshus, med gode boltreplassar for idretts- og friluftsliv voks det fram interesse for mangt som er med på å forme folkelivet i ei bygd. I skuletida fekk interessa for folk og samfunn ny næring, og då han tok til å studere teologi, hadde tankane om bygdekultur òg vida seg ut til å gjelde andre folk og kulturar, ja, endåtil folkeslag under fjerne himmelstrøk.

Rike år «langt der oppe mot nord»

Som nyutdanna prest gjorde Knut Bjørn teneste på Bodin leir som Luftforsvaret har i Bodø,

Han og Anne Lise hadde alt då samtala om at dei gjerne ville reise utanlands, men nå opplevde dei òg at det var noko dragande med landsdelen «langt der oppe mot nord».

– Ja, me syntest nok at det nå passa godt å gjere seg betre kjent med folkeliv i vårt eige land, før me gjorde alvor av å reise utanlands. Det skulle gå litt tid før den planen blei sett ut i livet. Turen gjekk vidare til Tromsø, og her fekk eg ni år som lærar på Fjellheim bibelskole. I Nord-Noreg fekk me møte gilde folk,

mektig natur og både læstadiansk kristenliv og samisk språk og kultur, noko me syntest var spennande og lærerikt. Deretter gjekk flyttelasset til Kåfjord i Troms der eg tok til som sokneprest, og der me fekk sju gode år som me er glade for, minnest Knut Bjørn frå ei rik tid på fleire måtar, ikkje minst gleda over at han og Anne Lise i åra nordpå blei foreldre til fire gutar og ei jente.

Frå Gjerstad til Bolivia og Peru

Etter 18 år i Nord-Noreg bar det sørover til Gjerstad, kjende trakter for Anne Lise og Knut Bjørn, ei bygd med smilande humor og eit trygt oppvekstmiljø for ungene. I dei sju åra familien blei verande her, voks borna til, og dei tre eldste var ute på skular. Nå tok Anne Lise og Knut Bjørn på nytt til å få tankar om å reise utanlands.

Den allsidige praksisen synte seg å vere ei nyttig reiseniste å ha med i korga då dei la kursen mot Sør-Amerika. Etter eit halvt år med spansk kurs fekk draumen om fjerne himmelstrøk bokstaveleg tala luft under vengene. Anne Lise og Knut Bjørn og dei to yngste borna var på veg til Bolivia, sør for ekvator til og med, med tørketid og regntid og mykje nytt og spennande å gjere seg kjent med i natur og folkeliv. Innstillinga var klar. Dei ville sjå og lære, og gjerne støtte og hjelpe både materielt og åndeleg, særleg det fattige quechua-folket. For Knut Bjørn venta oppgåver med undervisning på den teologiske høgskulen, undervisning i bibelfag og andre fag som trengst i utdanninga av framtidige lærarar og pastorar.

– *På høgskulen møtte de mange frå quechua-folket?*

– Ja, og det var avtala at dei studentane som hadde eigen familie, skulle få ha heile huslyden med seg. For dei som kom frå små kår og hadde reist eit stykke, var nok overgangen for dei vel så stor som for oss. Difor var det kjærkome for dei å få støtte og hjelp når dei skulle flytte inn i husværa. Anne Lise fekk viktige oppgåver i arbeidet med tilrettelegging for familiane.

Då me kom, visste me at det var vanskeleg for prestar og pastorar å skaffe seg grundig utdanning i Bolivia, så me fekk snart kjenne på at me var velkomne. Me la opp til at full utdanning skulle føre fram til det me kallar bachelor-eksamen. Etter to og eit halvt år fekk høgskulen ny plass i Peru, landet nord for Bolivia. Slik blei det til at me òg fekk med oss eitt og eit halvt år i Peru, gode og lærerike år. Ikkje uventa måtte me ha litt tid for å kome skikkeleg inn i språket, men det gjekk stadig lettare, heldigvis. Den katolske kyrkja ser òg stort sett positivt på at det kjem folk frå evangeliske kyrkjer. Katolikkane veit at dei ikkje når ut til alle, og dei vil òg gjerne gje rettleiing til folk som er prega av religionsblanding.

Teneste på heimlege trakter før det bar oppover til Nissedal

Familien Skyttemyr hadde fått med seg innhaldsrike år både i Nord-Noreg og Sør-Amerika, med lærdom og minne for resten av livet. I forkynninga er det tydeleg at Knut Bjørn ber med seg lærdom og perspektiv på miskunn og rettferd, på dei som lever i fattige kår og på fordeling av verdas goder som ein del av evangeliet – den gode budskapet.

Frå Sør-Amerika gjekk ferda på nytt mot gamle heimtrakter. For Knut Bjørn venta teneste i Norkirken i Grimstad før det bar oppover mot Nissedal. I desse åra flytte òg dei yngste borna ut av barndomsheimen, men ikkje dess mindre har prestegarden i Nissedal blitt ein kjær møtestad for alle i familien, medrekna svigerdøtrer og fem nye skot på familietreet.

– *Du og fleire i familien set pris på friluftsliv?*

– Å ja, det gjer godt å kome seg ut. Me er heldige som har rikeleg med fjell, vatn, heiar og skogar omkring oss. Turar er me glade i, både Anne Lise og eg, gjerne med mat og kaffikjele og ei god fleskepanne. Me fyller spanna med blåbær og tytebær, og det er alltid spennande å finne fram til molteplassar og sjå om det er molteår. Me har òg fått med oss eit lite soppkurs for å kunne vere meir trygge på kva me kan ete. Ja, fiske- og jakturar er eg òg glad i. Det sit vel i meg, ser det ut til, dette med å skulle sanke frå rikdomane i naturen. Ja, når du spør, så kan eg au nemne at eg gjekk på birøktarkurs. Det gjer noko med ein når ein kjem tett innpå livet i naturen, når ein får synet av digre elgoksar som luntar av stad, når auren vaker i ein mild vårveld eller når ein fylgjer bia som leitar seg fram på blomane. Ja, kvar vår må eg og eit par kameratar av meg ha med oss tre -fire netter på orreleik.



– *Som sokneprest har du hatt mange ulike oppgåver?*

– Ja, i ei slik stilling blir ein gjerne det me kan kalle allmennpraktikar. Ein får inga spesialoppgåve, t.d. slik som ein sjukehusprest, men samtidig får ein treffe alle slags menneske i ulike aldersgrupper, for det meste i glede, men òg i sorg.

I Nissedal sokn har eg opplevd mykje av det same som eg kjende til frå Froland at presten kan vere med både i kyrkja og på bedehuset, noko eg har sett pris på. Eg har møtt mange gilde folk og tek med meg gode minne vidare, seier sokneprest Knut Bjørn med eit lognt smil, slik me har lært han å kjenne.

Som mange nå kjenner til, går det mot slutten av tida for Knut Bjørn Skyttemyr i stillinga som sokneprest i Nissedal. I september ventar nye oppgåver som seniorprest i ein del av gamle Aust-Agder fylke. Ei lang rundreise, – eller kanskje me heller skal seie ei eventyrleg langferd –, med 18 år i Nord-Noreg, 4 år i Sør-Amerika og 18 år i Sør-Noreg går mot avslutning. I Froland kan han og Anne Lise på nytt feste røter i den gamle heimbygda, endåtil i nytt hus.

I september er det mange som vil takke Knut Bjørn for det han fekk vere og for det han fekk gje – og ikkje heilt fritt for vemod – ynskje all lykke og signing vidare.

TV

MINIMARKNAD 1. JULI

Framnes Vel arr Minimarknad laurdag 1.juli frå kl 10 - 15 Vi håpar du kjem med stand og di vare! - og at andre kjem og handlar! Då vert det liv og fellesskap! Vi held til langs Rv 41 i Kyrkjebygda sentrum. Framnes vel har åpen bruktbuikk. Helselaget har kunnskaps-sti. Politiske parti held appell kl 12. SU/skulen sel mat og drikke. Vel møtt, ein tidleg somardag! Me sjåast!

OPEN KYRKJE

Soknerådet melder at Veteranbåten FRAM kjem til Prestegardsbrygga i juli, og Nissedal kyrkje er open med guide! søndag og onsdag i juli, frå kl 17.45
Sundag 9.og16.
Onsdag 12. og 19.

TRUSOPPLÆRING HAUSTEN 2023

ALDRI ALEINE på bedehuset i Treungen kl.17.30 – 19.30 annan kvar måndag. Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringer kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn.

NATTCAFE på bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00
Siste laurdag i månaden.
Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktivitetar.
Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande.
Velkomen!

Tårnagentar: eit opplegg i regi av sundagsskulen for 3 og 4. klasse

Lys vaken: eit opplegg for 6. og 7. klasse der dei blir kjent i kyrkja rundt advent.



Gje gåve på giro/konto: 2714.10.15589

Merk kva de støttar.

Gje di gåve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet

Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde. Samlingane er for 6. og 7. kl.

Kode B: kode bibel; eit opplegg for 5. klassinger som lærer om bibelen.

LAURDAGSKVELD PÅ KYRKJEBYGDA BEDEHUS

Velkomen til deg som går i 7.-10. klasse og kjem frå Kyrkjebygda/Nordbygda
Laurdag kl 19-22.

Vere saman, spel og leik. Mat. Ta med eige snacks. Bibelord og undring.

Kyrkjebygda bedehus

På Sundagsskulens dag, søndag 27.08., får me besøk av sundagsskulekonsulent Ove Berrefjord. Som vanleg blir det samling utanfor bedehuset med mat og leik etter gudstenesta.

Me ynskjer velkomen til sundagsskulefolk i alle aldrar, frå heile

Fjone bedehus

Fjone bedehus

Barnearbeid og Damenes:

Sjå FB-sida om når me startar opp.

BASAR fredag 17.november.



GUDSTENESTELISTE MED OFRING 2. HALVÅR 2023

Juli

2.	Kl 11 Nissedal			kyrkelydsarbeidet
16.	Kl 11 Treungen			
30.	Kl 12 Tveit gamle kyrkjegard	Olsok		

August

20.	Kl 11 Treungen	Avskjedsgudsteneste for Knut Bjørn	Avskjedsfest på bedehuset	kyrkjelydsarbeidet
27.	Kl 11 Nissedal	Søndagsskulens dag		Søndagskulen i Telemark

September

2.	Kl 11 Treungen	Konfirmasjonsgudsteneste		kyrkjelydsarbeidet
	Kl 13 Nissedal	Konfirmasjonsgudsteneste		kyrkjelydsarbeidet
17.	Kl 11.00 Fjone	Felles med frikyrkja		Mali
		Konfirmantane deltek		
28.	Kl 18 Nissedal	Hausttakkefest		kyrkjelydsarbeidet

Oktober

1.	Kl 11 Nissedal	4 års bok og konf present.		Acta Telemark
15.	Kl 11 Treungen		Gullkonfirmantar	Mali
29.	Kl 11 Treungen	4 årsbok og konf.present.		Acta Telemark
	Kl 18 Nissedal			Acta Telemark

November

5.	Kl 18 Treungen	Minnegudsteneste		kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl 11 Nissedal		Gullkonfirmantar	Mali
	Kl 18 Treungen			Mali
30.	Kl 18 Nissedal	Jolegrantenning		kyrkjelydsarbeidet

Desember

3.	Kl 17 Felle	Jolegrantenning		kyrkjelydsarbeidet
10.	Kl 11 Nissedal	Lys vaken 6. og 7. kl.		
17.	Kl 18 Treungen	Vi syng jola inn		kyrkjelydsarbeidet
20?	Kl 09.30 Treungen	Skulegudsteneste		
24.	Kl 13 Felle			Kirkens nødhjelp
24.	Kl 14.30 Treungen			Kirkens nødhjelp
	Kl 16 Nissedal			Kirkens nødhjelp
25.	Kl 11 Treungen			Mali

Trenng du skyss til gudsteneste, kan du ringe:
Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

TREUNGEN FRIKYRKJE 2. HALVÅR 2023



Endringer kan skje.

Følg med på heimesida:

www.treungenfrikyrkje.no

August

- 4. 21.00 Vaffeltelt
- 6. 11.00 Gudsteneste m/nattverd
- 15. kl.18.00 Dugnad og fellesskap
- 19. kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste
- 23. 11.30 Andakt og Kaffi på NOS-talgi
- 25.-26 Tur til Godthol for 5.- 7. kl.
- 27. kl.11.00 Sundagsskulens dag – Nissedal
- 30. kl.16.00 Familiemiddag. Grilling

September

- 03. kl.11.00 Gudsteneste m/nattverd og tur
- 04. 17.30 Speidaraktivitet
- 06. 11.30 Andakt og kaffe på NOS-talgi
- 10. 19.00 Husgrupper
- 11. 17.30 Friklubben og Lollipop
- 12. 18.00 Kvinneforening for alle
Besøk av Åpne dører
- 16-17. Konfirmanttur til Fjone
- 17. 11.00 Felles gudsteneste på Fjone
- 18. 17.30 Speidaraktivitet
- 19. 18.00 Dugnad/fellesskap
- 20. 11.20 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 24. kl.11.00 Gudsteneste – Jarle Skullerud
konfirmantpresentasjon
- 25. 17.30 Friklubben og Lollipop

26. kl.18.00

Kvinneforening

Oktober

- 01. kl.12.00:
Familiegudsteneste
- 02.17.30: Speidaraktivitet
- 03.18.00 Kyrkjelydsmøte
- 04 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 04.19.00 Kveldskafè
- 15. 19.00 Husgrupper
- 16. 17.30 Speidaraktivitet
- 17. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 18. 11.30 Andakt og kaffi på NOS-talgi
- 21.-22. BGF Kragerø
- 22. 11.00 Gudsteneste. Nattverd.
- 24. 19.00 Kvinneforening
- 29. 16.00 Middag i heimane
- 30. 17.30 Speidaraktivitet

Ynskjer du å starte i ei av husgruppene våre eller har du spørsmål så ta kontakt med: Lena Haugsjå: 90685202

Alle er velkomne på andakt og kaffi på NOS-talgi (kafeen på omsorgsenteret) onsdagar 11.30 Frikyrkja har ansvar i partalsveker.

**Treungen frikyrkje sin gavekonto
2714.10.06628 Vipps nr.27037**

TREUNGEN NORMISJON HAUSTEN 2023 (BEDEHUSET)

August

- Torsdag 17. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
- Torsdag 24. kl.19.00 Møte, Oddvar Svalastog.
- Torsdag 31. kl.19.00 Møte, Kristian Espeland.

September

- Torsdag 07. kl.19.00 Bøn og samtale.
- Torsdag 14. kl.19.00 Medlemsmøte.
- Onsdag 27. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Martha I. Eriksrød,
- Torsdag 28. kl.19.00 - i Bedehuset -----<-----

Oktober

- Torsdag 12. kl.19.00 Møte, Ulf Børje Rahm.
- Torsdag 19. kl.19.00 Dugnad/fellesskap.
- Fredag 20. kl.18.00 Basar.
- Onsdag 25. kl.19.00 Møte i Haugsjåsund, Maria Lura.

HAUGSJÅSUND GRENDEHUS HAUSTEN 2023

Onsdag 27.sept.kl.19.00: Møte med tale av Martha Irene Eriksrød frå Normisjon.
Kollekt og enkel servering.

Torsdag 28.sept.kl.19.00: Me sluttar opp om møte
På Bedehuset med tale av Martha I.Eriksrød.

Onsdag 25.okt. kl.19.00: Møte med besøk av Maria og Oddbjørn Lura frå Israelsmisjonen.
Kollekt og enkel servering.

Onsdag 22.nov. kl.19.00: Møte med tale av Ulf Børje Rahm frå Normisjon
Kollekt og enkel servering.

Sundag 10.des. kl.17.00: Adventsstund for store og små.
Andakt ved Torill Sønnerland.
Geir Christian Enger og Marie Kornmo Enger
hjelper oss med å friske opp advents- og jolesongar.
Kollekt og servering.
Vel møtt!

Katolsk messe i Treungen kyrkje kl. 15.00 desse datoane:


Søndag 27. august
Søndag 10. september
Søndag 8. oktober
Søndag 5. november
Søndag 3. desember
Mandag 25. desember – 1. juledag



Grunnen til at det vert katolske messer i Treungen kyrkje er at St. Franciskus Xaverius menighet i Arendal har kome med ynskje om å leie kyrkja for å halde messe for katolikkar som har bustad i Nissedal kommune eller i nabokommunane. Dette har dei nå gjort i over eit halvt år og det har dei vore veldig takksame for.


Felle frikyrkje

Sundag 27.aug. kl.11.00: Møte med tale av Ole Bjørn Bjørnsen
Sundag 1.okt. kl.11.00: Møte.
Sundag 19.nov. kl.11.00: Møte med tale av Leif Inge Jensen



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 2.

2023

Nissedal Studiesenter

Nissedal Kommune har fått tilskot frå HK-dir (Direktoratet for Høyere utdanning og Kompetanse) til oppstart av eit studiesenter i haust 2023. Nissedal blir dermed den første kommunen i regionen til å opne eit slikt studiesenter. Ei arbeidsgruppe bestående av Hølje Haugsjå, Roald Nomme, Marius Vøllestad og Kim André Hølmo har arbeida med planlegging og søknad. I slutten av mai kom nyheita om at Nissedal studiesenter (NSS) har fått støtte frå staten til oppstart. Studiesenteret planlegg å opne dørene i august og vil oppmode alle som er interessert i å studere og auke sin kompetanse om å ta kontakt. Tilskotsbrevet frå HKdir oppsummerar kort kva Nissedal Studiesenter skal tilby og kvifor det får støtte frå staten til oppstart:

«Studiesenteret i Nissedal er i planleggingsfasen, med de første tilbudene i drift fra høsten. Det er satt ned en arbeidsgruppe som har jobbet med planleggingen i en periode for å kartlegge behovene i kommunen og næringslivet. Kommunen har ingen egen videregående skole eller voksenopplæringstilbud for grunnskole, og dette vil være en viktig del av studiesenterets aktiviteter sammen med tilbud også på fagskole og høyskole. Det er gjort mye bra arbeid i planleggingsfasen for å lykkes med oppstart av studiesenter, og det er gode strukturer for samarbeid med tilbydere, fylkeskommune, kommune og andre lokale aktører på plass. Studiesenteret vil tilrettelegge for kompetansesøkende med ulike behov ved å tilby undervisningsaktiviteter på ulike tidspunkt, og gjennomføre andre tiltak for å sikre godt læringsmiljø. Det legges vekt på universell utforming av digitale og fysiske læringsarenaer.»



FRÅ KYRKJEKONTORET

Kyrkjeval 2023

Nominasjonskomiteens valliste til årets kyrkjeval i Nissedal sokn (sokneråd/fellsråd)

1. Gunnhild Breivik Rieber-Mohn - f.: 1956 - Nissedal
2. Gerd Irene Sønnerland - f.: 1971 - Treungen
3. John Nordbø - f.: 1951 - Nissedal
4. Mari Stana Borstad - f.: 1986 - Fjone
5. Ole Kristian Bøe - f.: 1990 - Treungen
6. Arvid Hansen - f.: 1954 - Treungen
7. Astrid Eide Nordal - f.: 1952 - Nissedal
8. John Olav Koldvik - f.: 1978 - Treungen
9. Maroli Mandt - f.: 1956 - Fjone
10. Olav Borstd - f.: 1957 - Fjone
11. Hilda Nestet - f.: 1954 – Treungen

I tillegg til at det er val på sokneråd/fellesråd er det også val på bispedømmeråd. Listene til bispedømmerådet ligg ute på agder- og telemarkbispedømme si heimside.

Førehandsstemming:

10.8. – 8. 9. Kyrkjekontoret frå kl. 10.00-14.00 måndag, tysdag, torsdag og fredag

Digital førehandsstemming 10.8.-6.9. 2023

Her kan du stemme:

Fjone skule, Felle skule, Kyrkjebygda oppvekstsenter og kyrkjekontoret måndag 11. september
frå kl. 13.00 – 20.00

Stemmerett:

Alle som er medlemmar av Den norske kyrkje og er 15 år eller eldre i valåret har stemmerett. Vi oppmodar alle til å bruke stemmeretten sin.

Fast gjevarteneste i Nissedal kyrkjelyd

Kyrkjelydens arbeid; arrangement i soknerådets regi, diakoniarbeid og trusopplæring er avhenging av dei pengane ein får inn gjennom offer i gudstenestene.

Når Nissedal sokneråd ser framover i tid, er det spesielt to utfordringar ein ynskjer meire støtte til:

1. Konfirmantarbeidet «Ønsket og elsket» og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Dette er ein del av trusopplæringsplanen. Her får vi statleg støtte, men det er ikkje nok om ein ynskjer å styrke ungdomsarbeidet.
2. Kyrkjelydens diakoniprojektet i Mali. Det er eigne ofringar i gudstenestene til dette arbeidet. Vi har fått inn 26-27.000 kr kvart år dei to siste åra. Men målet vårt har vore og i alle fall passere 40.000 kr til prosjektet i året.

De må tenke gjennom om støtta dykkar skal gå til eitt av formåla, eller om pengane skal delast mellom dei to formåla.

Ved spørsmål kontakt kyrkjekontoret tlf 35048443/99544543

Velkomen som fast gjevar til Nissedal kyrkjelyd

Kjære lesar!

Du har no motteke sommarnummeret av Kyrkjelydsbladet for Nissedal. Me vonar at du har glede av å lese bladet, og at du finn stoff som er av interesse. Vårt ynske er at kyrkjelydsbladet kan vere eit bindeledd mellom kyrkja og alle oss som bur i kommunen.

Ta gjerne kontakt med kyrkjekontoret eller redaksjonen om du har noko du gjerne vil ha med i bladet. Vi er opne for innspel og gode råd.

Hjarteleg takk for alle gåver til kyrkjelydsbladet! Det å vite at mange ynskjer å støtte bladet, også økonomisk, er til glede og inspirasjon for oss som arbeider med dette.

Pga. høge portoprisar nå så kjem vi bare å sende bladet til dei som tek kontakt med oss og vil halde fram med å få bladet i papirform i posten. Dette skjer frå og med haustbladet. Bladet kan lesast digitalt på heimsida til kyrkja. Kyrkja har ei eiga side under Nissedal kommune sin heimside.

Beskjeden kan gjevas på e-post til kyrkjekontoret@nissedal.kommune.no eller på sms til kyrkjevevje på tlf: 99 54 45 43.

Vi tillet oss og trykke ein giro med i dette sommarbladet og vil med det same ynskje alle ein god sommar og på førehand takk☺

Venleg helsing redaksjonen

Kvittering

Innbetalt til konto	Beløp	Betalerens kontonummer	Blankettnummer
2714.10.15589			6072878638

Betalingsinformasjon

GIRO

Betalingsfrist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Nissedal kyrkjelege fellesråd
Kyrkjelydsbladet
Treungvegen 398
3855 Treungen

Belast konto

Kvittering tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

< > 27141015589 <6072778638>

BLI KJENT MED SALMEBOKA

Ei av våre mest kjente og kjære salmer er Lina Sandell sin vakre «Blott en dag» nr. 489.

*1. Blott en dag, ett ögonblick i sänder,
vilken tröst vad än som kommer på!
Allt ju vilar i min Faders händer
skulle jag, som barn väl ängslas då?
Han som bär för mig en faders hjärta,
giver ju åt varje nyfödd dag
dess beskärda del av fröjd och smärta,
möda, vila och behag.*

*2. Självi han är mig alla dagar nära,
för var särskild tid med särskild nåd.
Varje dags bekymmer vill han bära,
han som heter både Kraft och Råd.
Att sin dyra egendom bevara,
denna omsorg har han lagt på sig.*

*Som din dag, så skall din kraft ock vara,
detta löfte gav han mig.*

*3. Hjälp mig då att vila tryggt och stilla
blott vid dina löften, Herre kär,
ej min tro och ej den tröst förspilla,
som i ordet mig förvarad är.
Hjälp mig, Herre, att vad helst mig händer,
taga ur din trogna fadershand
blott en dag, ett ögonblick i sänder
tills jag nått det goda land.*

T: Lina Sandell, 1865, 1872

M: Oscar Ahnfeldt, 1872

Denne salma er Sandell sin mest kjente saman med «Bred dina vida vingar» og «Ingen er så trygg i fare».

Lina Sandell voks opp på prestegården Fröderyd i Sverige. Som barn var ho mykje sjuk og hadde heimeundervisning av faren. I 1858 vart ho vitne til at faren drukna på ein båttur. Tragedien med farens bortgang har vore ei inspirasjon for henne til å skrive tekster. I 1867 gifta ho seg med kjøpmannen C.O Berg. Ho var på mange måtar føre si tid, bl.a ved at ho hadde eit yrke utanfor heimen som redaktør i Evangeliska Fosterlans-Stiftelsen. Ho fortsatte også å skrive tekster, blant anna for søndagsskulen. Ho var også føre si tid ved at ho brukte morsbilde i tekstane sine. I den opprinnelige teksten til Blott en dag i første strofe var teksten følgjande «*Han som har mer än moders hjärta*». På grunn av kritikk, blei denne setninga bytta ut med «*Han som bär för mig en faders hjärta*». «Blott en dag» har ei interessant og bestemt forhistorie. Den var Sandell sin sluttkommentar til ei fortelling om et veggur som plutselig stoppa opp. Urskiva i fortellingen kom fram til at årsaka måtte vera pendelen som var årsaken til at den stoppa. Den hadde rekna ut at den i løpet av eit døgn hadde svingt fram og tilbake 86400 ganger, noko som til slutt blei for slitsomt. Urskiva foreslo at pendelen bare skulle svinge 5-6 ganger fram og tilbake. Pendelen forklarte at det var ikkje seks eller 600 den var bekymra for, men 6 millionar gonger. Urskiva konkluderte da med at det var uroen for arbeidet som var bekymringa, ikkje sjølve arbeidet. Klok som ho var, foreslo urskiva at pendelen ikkje skulle tenke på koar mange gonger han skulle fram og tilbake for uansett kor mange gonger den svingte fram og tilbake, ville den alltid få eit øyeblikk. Pendelen lytta til urskiva resonnement og tok så fatt på arbeidet igjen. Salmen handler om å ikkje bekymre seg for morgondagen før det kjem. Men det er også ei salme som fortel om Guds omsorg for menneske. For Lina Sandell vart dette ei smertefull erfaring. Hennes liv bar preg av mange tragedier. To år etter farens død, mista ho mor si. Hennes einaste barn døde under fødselen, og i 1892 blei ho ramma av tyfoidfeber. Alle tragediane i livet hennar gjenspeglar seg i mange av tekstane hennar. Bønn og det himmelske land som vi alle skal fare til ein gong er sentrale tema i mange av Sandell sin salmer. «Blott en dag» er ikkje noko unntak. Denne salma er blitt ein våre kjente og mest kjære salmer og blir mykje bruka i gravferder.



Kantor Maria Skjæveland

NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

Opningstider

tys/tors 9-13. Ellers treffetid etter avtale.

Kontoret kan vere ubemanna pga oppdrag ute.

Kyrkjekontoret:

Knut Bjørn

Skyttemyr, sokneprest

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

Bente Meyer, kyrkjuverje

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

Maria Skjæveland, kontor

Mobil.: 94 06 02 69

Leiar i soknerådet:

Anita Haugstad Haugsjå

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:

Anne Marie H. Larsson

Klokkar i Treungen kyrkje:

Reidun Lauvdal

Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

KIRKENS SOS

TLF: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn



Nissedal kyrkje

Dåp:

23.4.

Victoria Grimstvedt Kleiv

Foreldre: Christian Kleiv og Helene Grimstvedt

6.5.

Kari Veum

Foreldre: Lars Gunnar Brath Veum og

Felicia Alvilde Batt-Rawden

14.5.

Mikkel Nordbø

Foreldre: Jon Olav Nordbø og Camilla Jensby Kåsi

3.6.

Hedda Grimstvedt

Foreldre: Sverre Grimstvedt og Rebekka Lauvdal

Gravferd:

1.6.

Else Gerda Nes

f: 1941 d: 26.5.2023

2.6.

Jenny Kristine Brekke

f: 1933 d: 19.5.2023

Treungen kyrkje

Dåp:

7.4.

Ea Ellinora Askland

Foreldre: Amund Askland og Cathrine Askland

Gravferd:

26.5.

Ingrid Signora Nilsen

f: 1928 d: 20.5.2023

Felle kapell

Dåp:

22.4.

Ole Gunnar Hoksrud Pedersen

Foreldre: Arnt Helge Pedersen og

Astrid Kristin Hoksrud Pedersen

22.4.

Even Sandåker

Foreldre: Bjørn Magne Sandåker og

Caroline Sandåker

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar: Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal, Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen, priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn 3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

Stoffrist neste blad er 25.8. og det kjem ut i veke 39.

EI TALE FOR DEN SOM SER

I dag blæs vinden på Nisser. I dag er morgonen sval. Kom la oss ro oss utpå og helse på Nissedal. (Nissedalssongen. Kjell Åsen)

«Å ro» er noko ein gjer i ein båt. «Ro og fred» er noko anna, sjølv om ordet ro er likt i begge tilfella. Men den som ror ein tur på Nisser, vil ofte kunne kjenne på ro og fred. Ein høyrer det dryp frå årene, ein høyrer at vatnet skvulpar kring baugen, ein ser skog og fjell, vatn og himmel. Ein er nær naturen, viss ein vil sleppe naturen til. Då disiplane gjekk saman med Jesus, var det ofte mykje som skjedde. Det var folk over alt som ville ha kontakt. Ein dag sa Jesus til disiplane: *«Kom med meg til ein aud stad der vi kan vere aleine, og kvil dykk litt. Så drog dei ut med båten...»* (Mark. 6.31f)

Me treng alle å finne oss ein kvileplass innimellom. Og sjølv om me ikkje står midt i store hendingar, treng me å roe ned. Det kan vere strevsamt med det daglege arbeidet, eller det kan vere indre stormar som slit på oss. Men ytre ro fører ikkje alltid til indre ro, og omvendt: ein kan kjenne på stor indre ro midt i trafikk og menneskemylder i ein storby. Det kjem an på kva som får sleppe til, kvar me har fokuset vårt.

Nokon synest at det blir kjedeleg med for mykje ro, dei søker spenning. Andre trivst godt «i ro og mak». Me er ulike og livssituasjonen vår er forskjellig. Ein sliten småbarnsforelder lengtar kanskje etter den dagen ho kan få ro og vere litt aleine, i det minste på do. Den som er sjuk og bunden til senga eller rommet sitt, har meir enn nok av ro, og lengtar inderleg etter å vere ute blant folk, vere det det skjer, med liv og røre.

Uansett livssituasjon, trur eg alle kan trengje ro og ettertanke, i små lommer, i kvardagen. Ro for å stikke fingeren i jorda og kanskje rette «antenna si» mot himmelen.

Fall til ro og kjenn at jeg er Herre, fall til ro, ja sett deg bare ned.

Fall til ro og kjenn at jeg er din Gud, jeg vil gi deg av min fred.

(Gregers Lundh)

Eg treng ikkje ro ut på Nisser for å «falle til ro». Eg kan finne min plass der eg er, når det måtte passe i mellom dagens gjeremål- eller mangel på slike.

God sommar! *GBR-M.*





5 generasjoner i barnedåp i Nissedal kyrkje 3. juni 2023: Hedda Grimstvedt (dåpsbarn), Rebekka Lauvdal (mor), Anne Marie Lauvdal (bestemor), Reidun Lauvdal (oldemor) og Anna Lauvrak (tippoldemor)